

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1985

Namnet på vatnet Erlandsdalsvatnet
Kommune Braud / Fossaud

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

ERLANDSDALS VATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 4. sept. 1975.

Vatnet ligg i Strand og Forsand kommunar, og grensar i nord for ein del til R 13, mellom Botne og Kvalvåg. I sør-vest ligg Skifteåsen.

Arealet er omlag 25 ha, og h.o.h. ca. 25 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men der er store, grunnlendte partier nær land, sjølv om det sikkert kan vera ganske djupt på sine stader utover.

Stranda består for det meste av stein som går over til gjørmebotn på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark, der furuskogen dominarar, men her er også noko kulturbeiter og dyrka mark.

Dei største bekketilsiga fell inn på sørsida og avlaupet renn ut i nord og går til sjøen i Sandvika.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 7.2 som er forbauseande godt og heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 4.5 mg/l og den totale hardheita 7.8 mg/l. Vatnet er kalkfattig, men likevel bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne $K_{18} = 60.4$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 fjærmygglarver, 1 vårflugelarve, 1 musling og 1 mudderflugelarve tilsvarende 60 individ pr. m^2 . 5.0 meteren gav som resultat 1 fjærmygglarve eller 10 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at det er lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 2 fiskar. Her vart det funne vårflugelarver, mygglarver og pupper, plankton, øyenstikkerlarver, stankelbein, fjærmygglarver og luftinnsekter.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 24 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske framstillinga.



Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 2 røde, 9 lys-røde og resten kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 18 hønfiskar og 6 hofiskar.

17 fiskar (71%) var angripne av parasittar.


14 fiskar (51?) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	3.9	8.4	13.7	18.2	22.1	28.1	35.6
Årleg lengdetilv. i cm	3.9	4.5	5.3	4.5	3.9	6.0	7.5
Antall fiskar	24	24	24	24	9	2	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.92 tilseier fisk av mager til medels kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for fisken i Erlandsdalsvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Erlandsdalsvatnet ein heller därleg lengdetilvekst og ligg under normalen like frå første år av. Det oppsvinget som kurven gjer ved 5 års alder skuldast berre 1 fisk, som var vesentleg større enn dei andre, og såleis ikkje representativ for auren i vatnet.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 25 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Ein del større fisk er der

nok i vatnet, såkalla "jagarar", men det er ikkje mange av desse.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Vidare er vatnet sterkt overbefolka slik tilhøva er i dag.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode, sjølv om botnprøvene og planktonprøvene gav eit noko magert resultat.

Omfarfordelinga syner at småfisken fullt ut dominerer og at fiskestorleiken ligg på omlag 21-24 cm.

Vekstkurven syner at vatnet er overbefolka og dette kan vi også slutte ut frå at 71 % av prøvefiskane var angripne av parasittar. Gyteprosenten er også altfor høg.

Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Erlandsdalsvatnet er tåleg bra i så måte. P.g.a. liten gjennomstøyming gjer vatnet seg stor nytte av tilsiga frå kultivert mark. Vidare er det lite med snaufjell i nedslagsfeltet og dette dreg også i positiv lei.

Gytetilhøva er gode i avlaupsbekken, men også andre stader kan fisken gyte.

Etter det vi har fått opplyst, er der også røyri i Erlandsdalsvatnet, men under prøvefisket vårt lukkast det ikkje å få ein einaste fisk av dette slaget. Grunnen til dette må vera, at røyra held til på djupare vatn, og berre oppsøker grunnane ved gytetider om hausten.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske - garnfiske må grunneigarane ha eineretten til.

Vidare må ein gå til utfisking av både aure og røyr, då fiskebestandet i dag er for stort i høve til næringsførrådet. Kjøp inn 8 småmaska garn (omf. 26-30-32) og driv utfisking med desse. Garna kan setjast på ulike stader natt etter natt, men det er særleg ved bekkeosane om hausten at ein kan gjera dei store fangstane av aure.

Når det gjeld røyra, så må ein her prøve å lokalisere gyteplassane og setje garna her ved gyttetider om hausten. Røyra har som kjent stor formeringsemne, og lett for å bli dominerande, om ein ikkje gjer sitt beste for å halde bestandet i sjakk. Om ein driv denne utfiskinga i 2-3 år vil mykje ha retta på seg og ein vil kunna sjå korleis fiskestørleiken og kvaliteten endrar seg til det betre.

Då vatnet ligg særslig til for sportsfiske, er det grunn til å tru at mange vil prøve fiskelukka nettopp i dette vatnet, og dermed vil grunneigarane kunna få innkomer av kortsalet. Alt må såleis gjerast for å få fram eit best mogeleg fiskebestand i Erlandsdalsvatnet.

Stavanger 3. mars 1976

Einar Berg